

Rosendal 07.09.20

Kvinnherad kommune

5470 Rosendal

Vedk. aktivitet på naboeigedom, 81/16, til Neslia bustadfelt

Viser til arkivsaknr. 2019/1308 Kvinnherad kommune

Journaldato

05.04.19 Vårt brev til Kvinnherad kommune
25.06.20 Brev frå Kvh. komm. til Håvard Gjerde
21.08.20 Brev frå Håvard Gjerde til Kvh. Komm.
24.08.20 Brev frå Dimmelsvik Entreprenør AS til Kvh. Komm.

Ut frå brev frå kommunen til grunneigar går det fram at pågåande aktivitetar på eigedomen ikkje er i samsvar med gjeldande arealføremål (LNF), og dermed ulovleg.

Grunneigaren si framstilling av historikk og noverande aktivitet kan vi, stort sett, slutta oss til.

Vi stiller oss derimot tvilande til det påståtte formålet med omlegging/utbetring av tilkomstvegen til Neslia sør/Tåneset. Veggen vart lagd om i samband med bygging av gang/sykkelveg til Neslia, etter initiativ frå kommunen. Vi forstår det slik at dette var for å få ein betre og tryggare tilkomst til bustadeigedomane, ikkje for å tilretteleggja for anleggstrafikk til Tåneset. Sidan gang/sykkelvegen langs hovudvegen enda her, vart all gang/sykkeltrafikk til heile Neslia bustadfelt vist til denne avkøyrsla.

Vi har forståing for at ein snarleg stans av aktivitetane skapar problem for brukarane av området. Vi kan derimot ikkje godta ei utsett avvikling inntil vidare, slik Dimmelsvik Entreprenør AS bed om i brev til kommunen.

Vi kan akseptera aktivitet som ber preg av avslutting og opprydding, slik som borttransport av massar og utstyr samt terrengbearbeiding av området.

Grunneigar bed om at mellomlagring av jord, stein og asfalt kan halda fram. Dette er aktivitetar som skapar stor trafikk til og frå, med påfølgjande støv- og støypilage. Vi gjer og merksam på at knusing av asfalt, betong og anna har føregått langt ut over ordinær arbeidstid, og er støyskapande. Henting av massar, av ulike aktørar, skjer og ofte på kveldstid, eks. fram til kl 2200. Dette er uakseptabelt.

Som nemnt har vi forståing for at brukarane av området treng noko tid for å avvikla aktiviteten, men «inntil vidare» er ikkje ei god nok tidfesting.

Vi bed om ein plan for korleis dette vert gjennomført, innanfor ei fastsett og forpliktande tidsramme.

Med helsing

Bebuarar i Neslia sør

Hildegunn Larsen Dyre

Olav Benneil

Sigurd Dyre

Britt Marie Huseth

Regner B.

Olav Talbo

Magne Dyre

Åshild Sanna Nes

Ståle Nes

Solveig Hæiige

Lars en.

Svein Ove Eide